

Fekk laks på 11 kg.

15.08.2016



Godt fiske i helga

I helga har det vore godt fiske i Uskedalselva. Det er også rapportert inn ein del store fiskar. Det er såleis sett årsrekordar både når det gjeld laks og i aureklassen. Ole Martin Gilbu fekk ein rugg av ein laks på 11 kg søndag medan Knut Inge Eidsvik fekk ein flott aure på 3,75 kg på fredag.

Begge fiskane vart tekne i Djupehølen. Gilbu fiska med floge medan auren beit på sluk. Begge fekk fleire andre fiskar i helga. Knut Inge Eidsvik fekk mellom anna ein laks på 5,5 kg på wobblers på Haugland. Gilbu sette ut att storlaksen på 11 kg. Det gjorde han derimot ikkje med ein på 7 kg som han også fekk. Det var nemleg oppdrettslaks.

Ole Martin Gilbu er kjent for å ha laga fleire flotte filmar frå fisket i Uskedalselva. Hovudmålet med dei er å inspirera og dela fiskeglede. Filmene ligg på youtube. Kanskje vi får sjå helgas fangst og?

Totalt er no fangsten denne sesongen komen opp i 586 kg. Fullstendig oversikt finn de på www.uskedalselva.no.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.